



NOTAT

Til: Styringsgruppa

Dok. ref.

08/161-269/K1-140//KFL

Dato:

Manger: 28.07.2011

Kommuneplan for Radøy 2011-2023 - Offentleg høyring - oppsummering av merknader og innspel

Det er komme mange innspel til ny kommuneplan og under er desse oppsummert og kommentert. I kommentaren har sakshandsamar lagt inn innstilling til vedtak i styringsgruppa med framlegg til vidare handsaming av kvart einskild innspel. Fagavdelingane i kommunen (helse, teknisk, oppvekst, miljø og landbruk) og rådmannen har komme med framlegg til tekst og innhald i det følgjande.

Fylkesmannen i Hordaland:

Naust: der det vert opna for konsentrert naustbygging, skal påskrifta ”naust” leggast på plankartet.

Fritidsbustader: Fylkesmannen er ikkje samd i at ein nyttar 20% BYA då ein ikkje veit kor store tomtane er og dette då kan legg til rette for store bygningar i område kor ein ikkje ynskjer dette, som til dømes i strandsona. Fylkesmannen har **motsegn** til punktet. Fylkesmannen rår og i frå at det vert lagt ut nye område for fritidsbustader i strandsona.

Småbåthamn: Fylkesmannen meiner at føresegn om parkering ved småbåthamn må endrast.

KU: Naturmangfaldtema er utilfredsstillende utgreidd og Fylkesmannen ber om at ein tek med art og verdi på lokalitet når ein skal gje verdi på konsekvens. Alle kjelder må inn i konsekvensutgreiinga.

Planjuridiske merknader: Fylkesmannen meiner oppsettet for føresegner er godt. Avsnitt kan misforståast og bør endrast slik at ein presiserar at dei nye planreglane går framfor dei gamle. Nokre av definisjonane bør endrast slik at dei vert lik lova. Fylkesmannen meiner at nokre av avsnitta under 1.3 tek for stor plass i framstillinga og at lovreferansar må gå tydlegare fram.

Samfunnstryggleik og beredskap:

Samfunnssdelen: Fylkesmannen peikar på at Radøy kommune tek samfunnstryggleik og beredskap inn i dei overordna målsetjingane og ser positivt på dette. Fylkesmannen meiner at kombinasjonen av innsats på både med førebygging av risiko og arbeid med beredskap og krisehandtering vil gje ei heilsakeleg og god tilnærming til samfunnstryggleik.

Arealdelen: ROS-analysa meiner Fylkesmannen har ei god og lettest framstilling og dei peikar på at det er positivt at kommunen nyttar den overordna ROS-analysa til grunn. Oppfølging av ROS-analysa er godt sikra gjennom føresegner, bruk av omsynssoner og krav om reguleringsplan.

Samfunnsutvikling og vekst:

Postadr.: Krossvegen 8 5936 MANGER	Telefon: 56 34 90 00	Telefaks: 56 34 90 01	Bankgiro: 3636.07.00776	Org.nr.: 954 748 634	E-post: postmottak@radoy.kommune.no
---	--------------------------------	---------------------------------	-----------------------------------	--------------------------------	---

Fylkesmannen kommenterer at det er bra at ein ynskjer in balansert vekst og at planen legg opp til ei fornuftig auke i bustader. Fylkesmannen saknar at det vert gjeve oppgjeve arealdisponering, altså ein oversikt over ledig areal og behov i neste planperiode.

Folkehelse: Fylkesmannen meiner at Radøy har gjort temaet for generelt og saknar konkret strategi, og ber om at dette vert fylgt opp.

Born og unge: Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad. Omsynet til born og unge er godt ivareteke i planarbeidet.

Klima og energi: Klima- og energiplanen skal framleis gjelde og vert implementert i kommuneplanen sine føresegner og ved fortetting rundt eksisterande infrastruktur.

Landbruk: Fylkesmannen rår til at ein knyter omsynssone til kjerneområde for landbruk i plankartet. Ein bør og legge buffersoner mellom landbruk og bustadområde. Kommunen er ansvarleg for at jordvernet vert hevda. Sidan kommunen gjer klåre og grunngjevne val vil Fylkesmannen tillate at jordvernet vert sett til sides i nokre område der det er opna opp for fortetting i planen. Fylkesmannen saknar eit arealrekneskap.

LNF-spreidd: Fylkesmannen meiner det er gjort gode val i prosessen.

Strandsona: Fylkesmannen meiner at omsynet til strandsona ikkje kjem godt nok fram i materialet som vart lagt ut til offentleg ettersyn og det er knytt **motsegn** til dette. Fylkesmannen meiner at ein ikkje bør vise byggjeområde nedafor byggjegrensa. Det bør setjast krav om reguleringsplan både i nye og gamle byggjeområde i strandsona.

Syltaneset: Det er knytt **motsegn** til dette området.

Mangersnes: Det er knytt **motsegn** til dette tiltaket.

Samandrag: Omfattande arbeid, gode utgreiingar og gjennomarbeidd. Saknar ei vurdering av landbruksnæringa, og kommunen vert oppmoda om å lage ein landbruksplan. Dårleg merking av område omtalt i konsekvensvurdering. Ein del av materialet verkar som å vere framtidvisjonar, men desse er ikkje teke vidare i planforslaget.

Kommentar og innstilling til vidare handsaming:

Naust: der det vert opna for konsentrert naustbygging, vert påskrifta "naust" lagt på i plankartet.

Fritidsbustader: BYA skal kombinerast med maks storleik på 150 m². Føresegne vert endra på dette punktet. Sjå punkt under planjuridiske merknader.

Småbåthamn: Fylkesmannen meiner at føresegn om parkering ved småbåthamn må endrast. Sjå punkt under planjuridiske merknader.

KU: Naturmangfaldtema er utilfredsstillande utgreidd og Fylkesmannen ber om at ein tek med art og verdi på lokalitet når ein skal gje verdi på konsekvens. Alle kjelder må inn i konsekvensutgreiinga og KU vert oppgradert av administrasjonen.

Planjuridiske merknader:

- Utnyttingsgrad for fritidsbustad er endra frå 20 % BYA til 150 kvm BYA og BRA, med krav til landskapstillpassing i reguleringsplan.
- Krav til parkering i småbåthamn ligger allereie i pkt 2.7.3, men er og teke inn i pkt 3.1.4.
- Avsnitt 9 er presisert
- Definisjonar er endra i samsvar med lov så langt det er hensiktmessig for forståinga
- Tydinga av pkt 1.3 er presisert, og kortet noe ned
- Pkt 2.1 tredje avsnitt (massedeponi) er fjernet
- Pkt 2.4 første avsnitt er presisert til å gjelde etablert i samsvar med plan, ikkje bare sikra
- Pkt 2.4 tredje avsnitt er presisert til å gjelde bygg med innlagt vatn

- Pkt 2.5 – orientering § 1-8 er flyttet til kap 1.2
- Pkt 2.6 – orientering om at garasje reknast med i grad av utnytting er flytta til kap 1.2
- Pkt 2.7.1 – er ikkje tatt ut. (FM meiner den er overflødig)
- Pkt 2.7.2 flytta til pkt 2.10
- Pkt 2.8.1 ang jordkabel er flytta til pkt 2.10
- Pkt 2.8.3 nest siste avsnitt er flytta til kap 1.2
- Pkt 2.9 andre avsnitt er fjernet
- Pkt 3.4 femte avsnitt ang tiltak på eksisterande bygg i LNF er presisert til å gjelde tiltak i samsvar med arealføreomål
- Tilråding på side 7 om å krevje reguleringsplan for all ny utbygging i strandsone er ikkje fulgt opp når det gjelder LNF-SB område, kor vi tillet ei viss utbygging utan plan. Pkt 3.1.3.

Samfunnsutvikling og vekst: Administrasjonen vil sjå på arealdisponeringa i forhold til bustader.

Folkehelse: Fylkesmannen meiner at Radøy har gjort temaet for generelt og saknar konkret strategi, og ber om at dette vert fylgt opp. Kommunelegen kommenterer: *"Ein konkret strategi treng vi tid på å arbeide fram i Radøy kommune, og det får vi berre melde vidare saman med at*

1 Folkehelse er eit område kommunen vil ta fatt på og organisere i samband med ny organisering i kommunen og ny helse-omsorgs-lov og ny regional helse-omsorgsplan

2 På nytt organisasjonskart vil folkehelse få ein plass med klårt ansvar og oppgåver. Deretter vil ein strategi for folkehelse ta form i kommunen. Denne strategien må henge saman med den nye regionale helse-omsorgsplanen for Nordhordland (her er sett at ressurser til arbeid med denne planen allereie)

3 Vi er og i gang med eit regionalt arbeid der kommunelegen er med i arbeidsgruppe som skal vurdere lærings- og mestringstilbod i Nordhordland. Dette vil saman med regional helse-omsorgsplan vere eit viktig arbeid for Radøy kommune sitt videre arbeid med folkehelse i tråd med nasjonale føringer og i samarbeid med aktuelle organisasjoner og avdeliinger.

Slik vil helse bli følgt betre opp i det vidare arbeidet med planen".

Landbruk: Fylkesmannen rår til at ein knyter omsynssone til kjerneområde for landbruk i plankartet, administrasjonen har lagt temakart ved, men vil vurdere å legge dei inn i sjølvé plankartet. Faren er at det vert for mykje informasjon i plankartet. Ein bør og legge buffersoner mellom landbruk og bustadområde. Fylkesmannen saknar eit arealrekneskap og det vil administrasjonen prøve å få satt opp.

Strandsone: Fylkesmannen meiner at omsynet til strandsona ikkje kjem godt nok fram i materialet som vart lagt ut til offentleg ettersyn og det er knytt **motsegn** til dette. Administrasjonen arbeider fram betre kart. Fylkesmannen meiner at ein ikkje bør vise byggjeområde nedafor byggjegrensa. Det bør setjast krav om reguleringsplan både i nye og gamle byggjeområde i strandsona. Administrasjonen tek ut byggjeområde nedafor byggjegrensa mot sjø, men meiner at ei viss fortetting må kunne skje i gamle byggjeområde. Det er sett krav om regulering ved utbygging av 3 eller fleire einingar.

Syltaneset: Det er knytt **motsegn** til dette området. Styringsgruppa har vedteke å leggje området inn i framlegg til ny kommuneplan som byggjeområde for fritidsbustader. Drøftingsmøte vert halde 18. august mellom Fylkesmannen og kommunen for å få behalde området i planen.

Mangersnes: Det er knytt **motsegn** til dette tiltaket. Styringsgruppa har vedteke å leggje området inn i framlegg til ny kommuneplan som byggjeområde for heilårsbustader. Drøftingsmøte vert halde 18. august mellom Fylkesmannen og kommunen for å få behalde området i planen.

Samandrag: Landbruksavdelinga skal lage plan for næringa.

Hordaland fylkeskommune:

Kommuneplanen har vore oppe i Kultur- og ressursutvalet i fylkeskommunen og følgjande vedtak vart fatta:

VEDTAK:

1 Forslag til kommuneplan for Radøy kommune 2011 – 2023 er i hovudsak i samsvar med regional

politikk og satsingsområde. Kommunen har levert eit omfattande materiale med både samfunnssdel, arealdel og ein grundig konsekvensutgreiing.

2 Kulturminne

1. Iføresegnerne i kapittel 1.3 bør det under avsnittet om "Kulturminnelova" takast med at også i tilfelle med til no ukjende automatisk freda kulturminne skal saka leggast fram for kulturminnestyresmaktene.

2. Under kapittel 3.4 Område for LNF, plan- og bygningslova § 11-7 nr. 5 bør det leggast til som nytt punkt: Ved alle tiltak i LNF-sona skal kulturmennemynde ha saka til uttale.

Kommentar og innstilling:

Kulturminne: Føresegnerne vert endra slik at dei stetter kulturminnelova og fylkeskonservatoren sine framlegg til endringar.

- Undersøkingsplikt for ukjent automatisk freda kulturminne er tatt inn i pkt 1.3
- Uttalerett for kulturmennemynda ved tiltak i LNF er tatt inn i pkt 3.4
- Akvakulturloven er tatt med i pkt 1.3

Riksantikvaren:

Kyrkjegardane på Sæbø, Manger og Hordabø er frå middelalder og difor automatisk freda kulturminne etter lov om kulturminne. Kyrkjene er listeførte og Riksantikvaren vil at desse skal vere markerte med omsynssone i plankartet og ha eigne retningsliner. Riksantikvaren har og framlegg til tillegg til føresegnerne som skal sikre kyrkjegardane mot inngrep og at Riksantikvaren vert varsla ved søknad om tiltak.

Kommentar og innstilling:

Administrasjonen vil vurdere å leggje omsynssone for kulturminne på dei gamle kyrkjegardane.

Planen inneholder ikkje retningsliner, men ein kan leggje framlegg frå Riksantikvaren inn i planskildringa.

Framlegg til nye føresegner vert lagt til slik det er vist under kommentar til innspeil i frå Hordaland fylkeskommune.

Statens vegvesen:

Trafikksikringsplan: Vegvesenet peikar på at trafikksikringsplanen er eit viktig dokument for å prioritere tiltak i kommuneplanen. Trafikksikringsplanen i Radøy kommune treng reviderast.

Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser: positivt at denne vert lagt til grunn.

Støy: Støysone vist i eige kart må vere tydelegare nemnd i føresegnerne.

Mjuke trafikantar: kommunen får ansvar for å byggje infrastruktur der det ikkje er sett krav til det.

Område for bustadbygging: Statens vegvesen gjer framlegg om eit nytt punkt i føresegnerne under punkt 3.1.1 med krav om at når 10 eller fleire bustadeiningar skal nytte same avkjørsle vert det sett krav om reguleringsplan. Uheldig å leggje bustadområde på begge sider av fylkesvegane, oppmodar kommunen til å planlegge berre på den eine sida.

Område for spreidd busetnad, LNF-SB: Statens vegvesen krev at det vert sett som vilkår for bygging at ein nyttar eksisterande avkjørsle der denne er rimeleg nær. Vil og ha vilkår om utbetring av eksisterande avkjørsle under føresegnerne punkt 3.4.1.

Sævdal og Halland: Fylkesvegen her har streng haldningsklasse og Vegvesenet vil ikkje godkjenne auka bruk av avkjørsler på strekninga utan at dette skjer gjennom reguleringsplan. Det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar og kommunen bør difor legge utbyggingsområda nærmare Manger.

Kvalheim: Naustområdet n4 på Kvalheim kjem i konflikt med byggjegrense for fylkesvegen og Statens vegesen krev at dette vert teke ut av kommuneplanen.

Kommentar og innstilling:

Trafikksikringsplanen er tenkt revidert med oppstart av arbeidet i 2011/2012.

Støy: Støysone vist i eige kart skal gjerast tydelegare i føresegnene slik merknaden frå Statens vegesen syner behov for.

Område for bustadbygging: Vi legg ikkje til ”*når 10 eller fleire bustadeiningar skal nytte same avkjørsle vert det sett krav om reguleringsplan*”. Det er ikkje aktuelt for Radøy kommune å ta ut bustadområde, men vi vil setje krav om infrastruktur for mjuke trafikantar.

Område for spreidd busetnad, LNF-SB: Det vert sett som vilkår for bygging at ein nyttar eksisterande avkjørsle der denne er rimeleg nær, samt vilkår om utbetring av eksisterande avkjørsle under føresegnene punkt 3.4.1.

Sævdal og Halland: Det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar og Vegvesenet meiner kommunen bør legge utbyggingsområda nærmare Manger. Kommunen vil ikkje ta ut dei nye områda sett til bustader då det er snakk om ei begrensa opning for nye hus, men ser at det bør setjast krav til reguleringsplan. Det er gjort på Halland og kan gjerast på Sævdal.

Kvalheim: Naustområdet n4 på Kvalheim vert ikkje teke ut av kommuneplanen.

Fiskeridirektoratet:

Akvakultur: Fiskeridirektoratet er oppteken av at det vert sett av tilstrekkeleg areal til akvakulturanlegg i kommunen.

Fiskeri: Direktoratet oppfordrar kommunen til å gå i dialog med Nordhordland fiskarlag for å få inn reelt viktige låssettingsplassar og anna areal som er viktig for lokale fiskarar.

Gyteområde: Fiskeridirektoratet ber om å få nærmere informasjon om gyteområde nord om Bøvågen, Toska nord og nord/vest av Bognøy.

Kommentar og innstilling:

Akvakultur: Kommunen har hatt møte med næringa og syner til merknad i frå denne og innstilling til deira framlegg.

Fiskeri: Adminstrasjonen inviterar Nordhordland fiskarlag til møte. Fiskarlaget har fått planframlegget tilsendt, men har ikkje kommen med eigen uttale.

Gyteområde: Adminstrasjonen sender informasjon om gyteområda.

Bergen og omland hamnevesen:

Hamnevesenet gjer merksam på at det må setjast av tilstrekkeleg areal til fri ferdsel rundt småbåtanlegg og ber om at det vert lagt inn orientering om søknadsplikt etter hamnelova § 27 i kommuneplanen sine føresegner.

Kommentar og innstilling:

Merknaden i frå hamnevesenet vert teken til vitande. Havne- og farvannslova er allereie teke med i *avsnitt 1.3. Anna lovverk og forskrifter som vedkjem planlegginga*, og der er søknadsplikta nemnt. Adminstrasjonen meiner det er tilstrekkeleg og vil ikkje endre føresegnene.

Lindås kommune:

Plan- og miljøutvalet har hatt kommuneplanen for Radøy til handsaming og har gjort følgjande vedtak:

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 01.06.2011

Lindås kommune ber Radøy kommune vurdere ei sterkare synleggjering av kommunen sine intensjonar om interkommunalt samarbeid både innan brannvern, redning og oljevern. Areal knytt til utvida avløpsreinsing til Radsundet bør vurderast lagt inn i kommuneplanen.

Dersom det viser seg under den politiske handsaming at det vert endringar som kan påvirka Lindås kommune vil vi ha planen til ny vurdering.

Lindås kommune ynskjer Radøy kommune lukke til i arbeidet med å ferdigstilla kommuneplanen.

Kommentar og innstilling:

Radøy kommune er positive til interkommunalt samarbeid innan brannvern, redning og oljevern og vil skrive dette inn i kommuneplanen. Areal til utvida avløpsreinsing til Radsundet er tenkt inn i områdeplan for Storheim - Austmarka. Dette ligg i kommunedelplan Radøy sør som ikkje er til rullering no. Det er ikkje lagt opp til endringar av planframlegget som vedkjem Lindås kommune, men planen vert sendt til Lindås når vedtak ligg føre.

Eli og Kjell Harald Blomvågnes:

Blomvågnes klager på framlegg om nytt område for fritidsbustader på Syltaneset og ber om at dette vert teke ut av planen. Dei peikar på ulemper som dei som fastbuande vil få om dette vert realisert.

Kommentar og innstilling:

Styringsgruppa har vedteke å leggje Syltaneset inn i framlegg til ny kommuneplan som byggjeområde for fritidsbustader. Møte med Fylkesmannen 18. august vil gje signal om kommunen kan gjere dette. Merknaden frå Blomvågnes vert lagt fram for styringsgruppa når dei gjer endeleg vedtak.

Folket Rikstad/Sylta, underskriftsliste:

Til kommunen er det levert inn ei liste underskrevet av mange med protest mot hytteprosjekt i Syltaneset.

Kommentar og innstilling:

Styringsgruppa har vedteke å leggje området inn i framlegg til ny kommuneplan som byggjeområde. Møte med Fylkesmannen 18. august vil gje signal om kommunen kan gjere dette. Merknaden frå bygdefolket vert lagt fram for styringsgruppa når dei skal gjere endeleg vedtak.

Norsk Ornitologisk Foreining (NOF):

Foreininga meiner omregulering av ca 120 daa til fritidsbustader på Syltaneset er i konflikt med store biologiske verdiar. Dei peikar på at Syltaneset er eit av kommunen sine største gjenværande område med kystlynghei og at denne naturtypen er på *Norsk rødliste for naturtyper 2011*. NOF syner til at området er viktig for sjøfuglar og havørn samt Hubro. Hubro er på *Norsk rødliste for arter 2010* og det er eigen nasjonal handlingsplan for at arten skal verte teken vare på. Hytte- og vegbygging har vist seg å vere stor trussel mot Hubro og NOF ber om at Radøy tek ut areal til nye fritidsbustader på Sylta.

Kommentar og innstilling:

Styringsgruppa har vedteke å leggje området inn i framlegg til ny kommuneplan som byggjeområde. Møte med Fylkesmannen 18. august vil gje signal om kommunen kan gjere dette. Merknaden frå Norsk Ornitologisk Foreining vert lagt fram for styringsgruppa når dei skal gjere endeleg vedtak.

Felleslista Raudt/SV:

Syltneset hyttefelt: ber om at område til hyttebygging vert teke ut av framlegg til ny kommuneplan. Ber om at det vert endra til ei løysing som er open for alle slik ei Turistforeningshytte er i fjellheimen.

Natur- frilufts- og gardsbarnehage: Felleslista ber om at areal på Bø, nær eksisterande barnehage, vert sett av til ein ny type barnehage med fokus på kjennskap til naturen.

Areal til ungdomsbustader og bustader for førstegangsetablerarar bør prioriterast i følgje felleslista si merknad.

Mangersneset: Felleslista er i mot at Mangersneset vert nytta til byggjeområde for nye bustader.

Kommentar og innstilling:

Styringsgruppa har vedteke å leggje område på Sylta og i Mangersnes inn i framlegg til ny kommuneplan som byggjeområde. Møte med Fylkesmannen 18. august vil gje signal om kommunen kan gjere dette. Merknaden frå felleslista vert lagt fram for styringsgruppa når dei skal gjere endelig vedtak.

Det er ikkje aktuelt å leggje inn nye arealføremål i planen no. I prinsipp har Bø stort nok areal til barnehage, og kommunen vil sjå på barnehagen sidan bygget ikkje er hensiktsmessig. Radøy kommune skal arbeide aktivt for å få til ei meir variert bustadstruktur i kommunen og ynskjer gjerne fleire små og enklare husvære enn dei tradisjonelle einebustadhusa. Radøy vil ta merknaden med i arbeid med bustadsosialhandlingsplan.

Radøy bonde- og småbrukarlag:

Landbruksplan: Småbrukarlaget er positive til at det vert utarbeidd ein landbruksplan og ber om at arbeidet vert sett i gang så for som råd. Laget ber om at faglaga vert teke med i arbeidet. I samfunnssdelen er det sett som mål å leggje til rette for tilleggsnæringer og her gjeldt det å få informasjon om stønadsordningane ut til potensielle brukarar. For å oppretthalde bruksstrukturen bør det inn eit nytt punkt om å satse på ungdom i landbruket.

Kommentar og innstilling:

Merknad og innspel er sendt landbruksavdelinga og jordbruksjefen har følgjande kommentar:

Leiv Bjarte Mjøs:

Mjøs ber om at LNF-spreidd på Villanger vert utvida sørover slik at og gnr 31 bnr 39 og mellomliggjande åsrygg på bnr 5 vert inkludert.

Kommentar og innstilling:

Administrasjonen vil rá styringsgruppa til å gå inn for denne endringa slik at ein får plass til bustader med infrastruktur. Endringa er så liten at den ikkje bør få konsekvensar for planprosessen. Det er strenge krav i føresegnene for kvar ein kan få byggje innafor arealkategorien LNF-spreidd busetnad tilleite. Tal bustader i planperioden vert framleis 5.

Johnny Søgnen:

Som eigar av gnr 21 bnr 5 har Søgnen ynskje om at del av eigedomen skal endre frå LNF til byggjeområde og føremål for fritidsbustader. Dette vil han uavhengig av om det vert lagt ut anna areal til fritidsbustader på Sylta. Han peiker på fleire ting han meiner er feil i konsekvensvurderinga og ber om at merknaden vert lagt fram for politikarane.

Kommentar og innstilling:

Den omsøkte teigen er lagt ut til fritidsbustader, men det er sett krav om reguleringsplan. Merknaden vert lagt fram for styringsgruppa.

Edvin Bauge:

Eigarane av gnr 53 bnr 4 ynskjer å endre status frå LNF til byggjeområde for fritidsbustader då gardsdrifta er lagt ned.

Kommentar og innstilling:

Det er ikkje aktuelt å leggje inn nye arealføremål i planen no. Endring av areal i frå LNF til byggjeområde vil krevje ny høyring og styringsgruppa har fatta vedtak om at dei vil prøve å runde av prosessen og få fatta vedtak i denne kommunestyreperioden.

Skjærgårdsfisk AS og Marøy Salmon AS:

Oppdrettarane ynskjer justering av det framlegget kommunen har lagt ut til akvakulturanlegg. Dei er samde i hovudtrekka som er gjort med å leggje områda litt i frå land og å ta ut små lokalitetar.

Kommentar og innstilling:

Plankartet vart endra slik at ein får god plass til eksisterande anlegg. Kommunen har teke omsyn til næringa samt andre interesser som fiskeri, turisme og friluftsliv. Framlegget til kommuneplan har ikkje møtt motsegn og innstillinga til styringsgruppa vert å oppretthalde kartet slik det ligg. Administrasjonen har teke kontakt med Austrheim kommune for å sikre areal til lokaliteten Jibbersholmane.

Odd Gjerde:

Eigar av gnr 100 bnr 1 kom med innspel tidleg i prosessen og har fått areal til heilårsbustader på sin eigedom. Gjerde ber no om at arealet som vart lagt ut vert utvida.

Kommentar og innstilling:

Administrasjonen vil rá styringsgruppa til å gå inn for denne endringa slik at ein får god plass til 3 bustader med infrastruktur. Endringa er så liten at den ikkje bør få konsekvensar for planprosessen.

Karen og Jan Ove Toska:

Ynskjer ein parsell på 1,5 daa gjort om frå LNF til byggjeområde for bustad på sin eigedom 43 bnr 4 og 9 på Toska. Ynskjer å byggje firemannsbustad på tomta. Eksisterande LNF-preidd område på Toska ligg stort sett på slåttemark.

Kommentar og innstilling:

Styringsgruppa har fatta prinsippvedtak om at det ikkje er aktuelt å leggje inn nye arealføremål i planen no.

Karina Tveiten:

Ber om at byggjegrense mot sjø vert lagt 10 m i frå huset slik at det eventuelt går an å byggje på. Ynskjer og same byggjegrense for gnr 44 bnr 15.

Kommentar og innstilling:

For å verne strandsona vert byggjegrense lagt i framkant av eksisterande bygningar slik at eventuell utbygging må skje til sides eller bakover. Det er ikkje aktuelt å skyve denne grensa fram.

Karl Atle Taule på vegne av interessentane:

Taule undrar seg øve at dei ikkje har fått framlegg til ny kommuneplan tilsendt sidan det vart lova då dei kom med innspel tidleg i prosessen. Det vert stilt spørsmål ved framlegg til utbygging mellom eksisterande våningshus og driftsbygninga. Ber om at framlegg til bustadområde på Villanger vert vurdert på nytt.

Kommentar og innstilling:

Ing Taule står på avsendarlista for høyring av kommuneplan, så det er berre å beklage om han ikkje har motteke melding i frå kommunen. Nasjonal forvaltning av strandsona ligg til grunn for å trekke byggjeområde vekk i frå 100-metersbeltet langs sjø. Det er ikkje aktuelt å leggje ut nye byggjeområde no.

Grung arkitekter AS på vegne av Knut Magnus Haugland:

Tidlegare har Haugland komme med innspel om bustadområde, næringsområde og båthamn på Kvalheim/Bø. Dette et berre delvis teke med i framlegg til ny kommuneplan og tiltakshavar ber om at heile framlegget vert teke med i ny plan.

Kommentar og innstilling:

Det er ikkje aktuelt å endre og leggje inn nye arealføremål i planen no.

Ståle Rossgård:

Rossgård ynskjer at det vert lagt til rette for naust og båtplassar i Austebygd. Peikar og på at vegen i feltet på Stølane bør utbetraast.

Kommentar og innstilling:

Det er ikkje aktuelt å leggje inn nye arealføremål i planen no. For å få leggje til rette for nye bustader på Stølane må det på plass ny reguleringsplan. Vegen og Stølanesvingen bør ein sjå på uansett.

Ann-Kristin Mangerøy og Jan Tore Hvidsten:

Mangerøy og Hvidsten har fått teikna inn eit areal til nye bustader på sin eigedom på Halland. Dei ynskjer no ei utviding av dette arealet og legg fram to alternativ.

Kommentar og innstilling:

Statens vegvesen har i sin merknad sagt at dei ikkje vil tillate nye avkjøringar til fylkesvegen før det er etablert infrastruktur for myke trafikantar. Det er sett krav om reguleringsplan og prosessen kan setje endeleg plangrense.

Vidar Mjøs på vegne av Sylta Kysttun AS:

Mjøs peikar på at framlegg til plan for Sylta kysttun AS inneholder ei båthamn og ein næringsdel i tillegg til fritidsbustader.

Kommentar og innstilling:

Det kjem ikkje fram i kommuneplanen at det og er båthamn og næringsdel i Sylta Kysttun AS. Kommunen har lagt inn hovudføremålet som er fritidsbustader, detaljar skal syne i reguleringsplan. Styringsgruppa har uttalt at eit framlegg til reguleringsplan for området må byggje vidare på resultat i frå landskapsanalysa som vart utført og ta omsyn til dei verdiene som det er peika på der. Ei båthamn og tilkomst samt næringsdelen vert å komme attende til i reguleringsplan. Kommunen ynskjer framlegg til ny løsing av detaljplanen om byggjeområdet vert ståande i kommuneplanen.

Edgar Grindheim:

Grindheim ynskjer at utbygging av hytter på Syltaneset vert avvist.

Kommentar og innstilling:

Styringsgruppa har vedteke å leggje området inn i framlegg til ny kommuneplan som byggjeområde. Møte med Fylkesmannen 18. august vil gje signal om kommunen kan gjere dette. Merknaden frå Grindheim vert lagt fram for styringsgruppa når dei skal gjere endeleg vedtak.

Bjørn Rune Kvinge på vegne av Hjørdis Haugland:

Kvinge har på vegne av eigar søkt om å få byggje på hytte på eigedom gnr 17 bnr 69 i Rossneset og ynskjer samstundes at framlegg til byggjegrense mot sjø vert justert slik at nytt bygg kjem innafor.

Kommentar og innstilling:

Administrasjonen endrar byggjegrensa slik at det vert i tråd med det det er gjeve løyve til.

Rolf Sylta:

Sylta vil sei nei til utbygging av hytter på Syltneset og viser til landskapsanalyse og tidlegare framsette argument.

Kommentar og innstilling:

Styringsgruppa har vedteke å leggje området inn i framlegg til ny kommuneplan som byggjeområde. Møte med Fylkesmannen 18. august vil gje signal om kommunen kan gjere dette. Merknaden frå Rolf Sylta vert lagt fram for styringsgruppa når dei skal gjere endelig vedtak.

Arnfinn Halland:

Sjøflyplassen på Hallandsvatnet fått namnet Manger sjøflyplass, Hallandsvatnet av Luftfartstilsynet. Halland ynskjer at arealet på land får føremål som er tenleg med bruken.

Kommentar og innstilling:

Administrasjonen vil innstille på at areal på land får korresponderande arealføremål i kommuneplanen som faktisk bruk og areal i vatnet.

Sveinung Skjelvik:

Skjelvik ynskjer at det vert lagt til rette for fleire båtplassar i Skjelvik, særleg på eigedom gnr 102 bnr 45.

Kommentar og innstilling:

Det er ikkje aktuelt å leggje inn nye arealføremål i planen no.

Gry Kjersti Birkeland:

Birkeland har innspel til samfunnssdelen av kommuneplanen og ynskjer meir konkrete mål om utbygging av barnehageplassar i kommunen. Birkeland har også ein ide om å nytte den ”gamle” skulen for 6-åringane.

Kommentar og innstilling:

Merknaden er sendt vidare i kommunen til rådmannen og rådgjevar for oppvekst. Ideen om å nytte gamle-skulen til 6-åringane vert teke med i det konkrete arbeidet med å oppgradere Manger skule.

Erling Nordanger:

Omsøkt endring frå LNF til næringsareal på gnr 28 bnr 6 på Kvalheimsneset er ikkje kommen med i framlegg til ny plan.

Kommentar og innstilling:

Administrasjonen legg inn rett arealføremål i planen etter tidlegare vedtak i styringsgruppa.

Roy Valdersnes:

Ber om at framlegg til byggjegrense vert endra for tomt gnr 24 bnr 297 slik at det kan byggjast heilårsbustad på tomta . slik arealføremålet syner i plankartet.

Kommentar og innstilling:

Administrasjonen endrar slik at det vert mogeleg å byggje slik som det er gjeve løyve til i 2009.

Olav M. Soltvedt:

Soltvedt ynskjer å utvide hyttefeltet på Nordre Kvalheimsneset med gnr 27 bnr 14.

Kommentar og innstilling:

Det er ikkje aktuelt å leggje inn nye arealføremål i planen no.

Tone og Vidar Hundvin:

Hundvin eig hytte på Hella og ynskjer at eigedomen skal endrast i planen frå byggjeområde for heilårsbustad til fritidsbustad. I tillegg ynskjer de endring av byggjegrense slik at deira godkjente søknad kjem innafor byggjegrense mot sjø.

Kommentar og innstilling:

Det er ikkje aktuelt å leggje inn nye arealføremål i planen no. Administrasjonen endrar byggjegrensa slik at det vert i tråd med det det er gjeve løyve til.